



26.-29. september 2024

LITTERATURDAGANE



Foto:



KRAFT

Olaug Nilssen / Kristian Kristensen / Hæge Manheim /
Stein Versto / Per Anders Buen Garnås / Jan Inge Sørbo /
Odd Nordstoga / Gabriel Fliflet band / Monica Goksøyr
Trygve Riiser Gundersen / Benedicte Maurseth / Hildegun Riise /
Thor Magnus Tangerås / Kjersti Rorgemoen / Eirik Vassenden /
Marit Beate Kasin / Svanhild Amdal Telnes / Somaya El-Sousi /
Arianrhod Engebø / Inger Bråtveit /

Kjøp billetter på nynorsk.no

BLI MED PÅ LITTERATURDAGANE!

Litteraturdagane i Vinje blir arrangert for 23. gong, og tema for årets festival er «kraft».

26. – 29. september inviterer me til dei 23. Litteraturdagane i Vinje. Her kan du oppleve innholdsrike forfattarsamtalar, foredrag og konsertar, blant desse finn du tradisjonsrike programpostar som Vesaas-foredraget, samtale med vinnar av Tarjei Vesaas' debutantpris, utdeling av Storegutprisen og festivalgudsteneste.

Mellom programpostane kan du ta deg ein matbit frå Bjaaland bygderestaurant og Vinje bryggeri i kjellaren på Vinjar. I museumsbutikken kan du kjøpe bøker skrivne av festivalforfattarane. Her finn du også eit stort utval av nynorsklitteratur, og ikkje minst bøker om og av Vinje-forfattarane; Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas. Festivaltema i 2024 er kraft. Berekraft, drivkraft og kraftutbygging er omgrep me skal innom, men her vil me også gjerne gje ordet til Arne Vinje, som skriv:

Kraft er så mangt. Kraft er energien ein vinn ut av vatnet, vinden og sola, og av kolet og oljen. Kraft er den makta eit menneske har til å gjera eit arbeid eller utføre ei oppgåve. Kraft er den makta grupper av menneske kan få når dei står i hop og dreg i same retning. Kraft er den evna nokon har til å halde ut og aldri gje opp. Kraft er den evna nokon har til å skapa kunst, musikk og diktning. Kraft er den evna me har til liv. Kraft er konsentratt, av kjøt og bein i ei suppe eller av ord i eit dikt.

Og du? Som gjest på festivalen har du gratis inngang til museumsutstillinga heile helga. Du kan også vere med å brodere den 12 meter lange fortelljinga om Storegut, og få omvising i Vinjestoga!

Velkomen!

Litteraturdagane har sidan 2001 vore ei årleg feiring av den nynorske litteraturen. «Dagane» som festivalen òg har blitt kalla, blei skipa av lokale eldsjeler frå Vinje med ynskje om å heidle forfattarane frå området. I 2018 tok Nynorsk kultursentrum over drifta, og festivalen har blitt utvida til å leggje vekt på både litteratur og journalistikk.



Foto: André Nesheim, Nynorsk kultursentrum



Festivalmat: BJAALAND BYGDERESTAURANT

Thomas og Hellene flytta heim til Morgedal i 2016 og starta restauranten Bjaaland bygderestaurant. Dei lagar mat frå botn av og brukar lokale råvarer der dei kan for å spegle det mangfaldige fjellandskapet i Vest-Telemark. Under Litteraturdagane lagar dei eigen meny med lokalt preg, og her har dei også pub med brygg frå eige bryggeri – Vinje Bryggeri.

Fredag: kl. 11.00–23.30*

Laurdag: kl. 11.00–16.00

*Matservering til kl. 21.00 på fredag.



Foto: Nynorsk kultursentrum

LITTERATURPUB

Drivkraft og skaparkraft er nokre stikkord for årets litteraturpub! Litteraturpub er i salen og matservering finn du i kjellaren på Vinjar.

Foto: Nynorsk kultursentrum



PROGRAM

Endringar i tidspunkt og stad kan førekome.
Oppdatert informasjon finn du på nynorsk.no

TORS DAG 26. SEPTEMBER

18.00

OFFISIELL FESTIVALOPNING

Ordførar i Vinje kommune, Jon Rikard Kleven, opnar Litteraturdagane.

Vinjar

18.20

ASLAUG VAA

Litteraturvitar og professor Jan Inge Sørbo gir ein introduksjon til Aslaug Vaa sin forfatterskap.

Vinjar

19.30

VILLARKONN

Skodespelar Hæge Manheim gir ei scenisk framstilling av Aslaug Vaa, hennar univers og reise gjennom livet. Ingebjørg Buen har regien, musikk av Vidar Ytre-Arne.

Vinjar

18.20

DIKT OG SPEL

Forfattar og lyrikar Stein Versto les dikt av Aslaug Vaa. Spel ved hardingfelespelar Per Anders Buen Garnås.

Vinjar

FREDAG 27. SEPTEMBER

DAG

12.00

ENDRINGAS KRAFT:

AASMUND OLAVSSON VINJE OG DØLEN

Korleis er Vinje ein klassikar og korleis er det han skreiv levande for oss i dag? Forlagsredaktør og forfattar Trygve Riiser Gundersen fortel om endringskraft og endringsvilje hos Vinje, som ein språkleg og journalistisk pionér.

Vinjar

13.15

NOVELLER MED DRIV OG KRAFT

Møt vinnar av Tarjei Vesaas' debutantpris 2023, Monica Goksøyr, i samtale med forfattar Olaug Nilssen.

Vinjar

14.30

ROMANTISK FORTID, DYSTOPISK FRAMTID

Kva seier litteraturen om naturen? Kan litteraturen gje kraft til handling i møte med klimakrisa? Møt forfatarane Camilla Groth og Thor Magnus Tangerås i samtale med professor i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen, Eirik Vassenden.

Vinjar

15.30

BLÅTT SVEV

Kva er krafta i det useielege? Skodespelar og regissør Hildegund Riise og felespelar og komponist Benedicte Maurseth framfører poesikonserten «Blått svev», basert på Jon Fosses forfatterskap.

Vinjar

FREDAG 27. SEPTEMBER

KVELD

18.00

KVA ER OLAUG NILSSEN SI DRIVKRAFT?

– Og kvar kjem skaparkrafta frå?
Olaug Nilssen fortel om skrivetrong,
nynorsk, språk og inspirasjonar.
Samtaleleiar er Kjersti Rorgemoen.

Vinjar

19.00

SKAPARKRAFT

Musikar og komponist Odd Nordstoga
kjem i haust ut med sjølvbiografien
Spelemann, der han skriv eit «reality-
show på papir» om menneska, musikken
og stadane i livet sitt. Nordstoga
snakkar med leiar ved Vinjesenteret,
Yngve Knausgård.

Vinjar

21.00

KONSERT MED KRISTIAN KRISTENSEN

Kristian Kristensen er ein låtskrivar og
artist frå Harstad som fyrst blei kjend
gjennom «The Voice» i 2013. Han blei
nominert til Spellemannsprisen i 2016 for
låta Kan du lære mæ? Kristensen var ein
av deltakarane i underhaldnings-
programmet Hver gang vi møtes i 2023.

Vinjar

22.30

DONALD PÅ VINJEMÅL!

Denne dagen kjem eit nytt Donaldblad
ut, og vekas utgjeving inneheld ei historie
på Vinjedialekt. Illustratør Arild Midthun
har vore Donald-teiknar sidan 2004, og
Asmund Nordstoga har vore konsulent
for Vinje-stripa. Med samtaleleiar Olav
Øyehaug Opsvik går dei inn i fagfeltet
Donaldisme, og snakkar heilt sikkert om
den legendariske historia «Eggmysteriet»
frå 1963.

Vinjar

LAURDAG 28. SEPTEMBER

DAG

10.00

MØT DONALD OG TEIKNAREN HANS!

Familiearrangement med Donald-
teiknar Arild Midthun. Passar for born
mellom 6 og 100!

Biblioteket på Vinjesenteret

10.30

OMVISING I VINJESTOGA**V/ANNE ROMTVEIT**

Oppmøte i resepsjonen på Vinjesenteret.
Vinjestoga

12.00

**UNDERGANGSKREFTER OG
BERGINGSKREFTER**

Forfatter Inger Bråtveit held det
tradisjonsrike Vesaas-føredraget.

Vinjar

13.00

BEREKRAFT OG NATURTAP

Journalist og forfatter Marit Beate
Kasin har skrive boka *Naturparadokset*,
der ho skriv om naturtap, mellom anna
i Vinje kommune. Møt ho i samtale med
konservator Anne Natvig.

Vinjar

14.00

KRAFTA I KUNSTEN

Kva kraft kan litteraturen ha i møte med
krig og konflikt? Forfatter Svanhild
Amdal Telnes les og leier opplesing med
Somaya El-Sousi frå Palestina og
Teskaldet G. frå Eritrea.

Vinjar

15.15

KRAFTUTBYGGING I LITTERATUREN

Korleis er dei store utbyggingane skildra
i norsk litteratur i fyrste halvdel av 1900-
talet? Professor i nordisk litteratur ved
UiB, Eirik Vassenden gjev ei oversikt.

Vinjar

LAURDAG 28. SEPTEMBER

KVELD

18.00

UTDELING AV STOREGUTPRISEN

Storegut 2024 går til journalist, radio-
profil i NRK P3 og programleiar
Arianrhod Engebø (f. 1994). Programleiar
er leiar for Storegutjuryen,
Asmund Nordstoga.

Edland samfunnshus

18.45

KRAFT

«Kraft» er tittelen på kåseriet til Arne
Vinje.

Edland samfunnshus

19.15

PAUSE MED KLING OG GOME

20.30

**KONSERT MED GABRIEL FLIFLET BAND:
I LYS LOGE**

I songsyklusen «I lys loge» er eld og
flamme, gnist og ljøs, glødande lede-
trådar for dei fem, syngande muskarane
Gabriel Fliflet, Susanne Lundeng, Jørgen
Sandvik, Per Jørgensen og Anders
Bitustøyl. Tekstane er nyskrivne av
Kjartan Fløgstad og tonesett av Gabriel
Fliflet. «I lys loge» var tinga av Vossa
Jazz, og hadde urframføring mars 2024.

Edland samfunnshus

SUNDAG 29. SEPTEMBER

09.30

KYRKJEKAFFI

Festivalsundagen startar, for dei som
ynskjer det, med ein enkel litteratur-
frukost på Vinje kyrkjekontor, nabo-
bygget til Vinjesenteret. Etter frukost blir
det vandring til kyrkja, med korte
litteraturstopp. Vandringa blir leia av
diakon Eilev Erikstein.

Vinje kyrkjekontor

11.00

FESTIVALGUDSTENESTE

Som avslutting på Litteraturdagane blir
det gudsteneste i Vinje kyrkje, slik som
tidlegare. Dette landmerket av ei kyrkje
med sin særeigne farge utvendig og sitt
særeigne preg innvendig, med altar-
bilete måla av Henrik Sørensen, dannar
ei kraftfull ramme rundt avsluttinga på
festivalen. I år vil forfattaren Olaug
Nilssen halde tale om krafta i
bibelforteljingane. Musikken står kantor
Robertas Lamsodis for, saman med
lokale aktørar. Sokneprest Tor Eivind
Erikstein er liturg.

Vinje kyrkje

Kjøp billetter på nynorsk.no

Foto: Egmont



ARILD MIDTHUN

27. september kl. 22.30
28. september kl. 10.00

Foto: Knut Utler



HÆGE MANHEIM

26. september kl. 19.30

Foto: Oda Berby



MONICA GOKSØYR

27. september kl. 13.15

Foto: Anon Versto



STEIN VERSTO

26. september kl. 20.50

Foto: Privat



BENEDICTE MAURSETH OG HILDEGUN RIISE

27. september kl. 15.30

Foto: Signe Fuglseteg Luskengard



INGER BRÅTVEIT

28. september kl. 12.00

Foto: Lasse Fløde



ODD NORDSTOGA

27. september kl. 19.00

Foto: Julie Pike



SVANHILD AMDAL TELNES

28. september kl. 14.00


Foto: Heidi Furre / Cappelen Damm



CAMILLA GROTH

27. september kl. 14.30

Foto: Agnete Brun



JAN INGE SØRBØ


26. september kl. 18.20

Foto: Eivind Senneset



OLAUG NILSSEN

27. september kl. 13.15
27. september kl. 18.00
29. september kl. 11.00



TESFALDET G.

27. september kl. 19.00

Foto: Universitetet i Bergen



EIRIK VASSENDEN

27. september kl. 14.30

Foto: Markus Lillelund



KRISTIAN KRISTENSEN

27. september kl. 21.00


Foto: Anders Kalvatn



PER ANDERS BUEN GARNÅS

26. september kl. 20.50

Foto: Tove K. Breistein



THOR MAGNUS TANGERÅS

27. september kl. 14.30

Foto: Sigrd KVarekval



GABRIEL FLIFLET BAND

27. september kl. 19.00

Foto: Marte Vik Arnesen



MARIT BEATE KASIN

28. september kl. 13.00

Foto: Privat



SOMAYA EL-SOUSI

28. september kl. 14.00

Foto: Siv Dolmen



TRYGVE RIISER GUNDERSEN

27. september kl. 12.00

PRAKTISK INFORMASJON

Det er gratis inngang i utstillinga på Vinjesenteret under Litteraturdagane.

Butikk

I museumsbutikken kan du kjøpe bøker fra forfatterane som er representert på årets festival. Her finn du også andre suvenirar og bøker om og av våre fire store forfattarar; Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Haldis Moren Vesaas.

Billettsal

Du kan kjøpe billetter på nynorsk.no, ebillett.no eller i resepsjonen på Vinjesenteret.

Opningstider haust 2024

Tysdag-fredag: 12–15

Laurdag: 12–17

Sundag og måndag: stengt

Publikumskontakt under Litteraturdagane er vertskaps- og programansvarleg Ingebjørg Nestestog Edland.
Tlf: 46706073

UNNGÅ BILLETTKØ!

Kjøp billetter og festivalpass på førehand på nynorsk.no

VINJEREVLA



Vinjerevla – forteljinga om Storegut med nål og tråd!

Under Litteraturdagane kan du vere med å brodere ei 12,5 meter lang revle basert på diktsyklusen Storegut (1866) av Aasmund Olavsson Vinje. Ordet «revle» kjem av norrønt, «refill», og tyder ein lang smal strimmel av tøy. Vinjerevla finn du i etasjen under Vinjesenteret. Prosjektet er eit samarbeid med Vinje handverkslag, som stiller med dyktige frivillige som rettleier deg i broderinga.

Under Litteraturdagane er Vinjerevla ope for publikum: Fredag 27.09 kl. 11.00–14.00
Laurdag 28.09 kl. 11.00–14.00

Tilkomst

Det er stor parkeringsplass rett ved inngangen. Det er ein liten planert grusveg frå parkeringa og til inngangen. Inngangen er lyssett og terskelfri. Det er om lag 300 meter å gå frå Vinjesenteret til Vinjestoga på asfalt, grusveg og sti. Sjølvje Vinjestoga er diverre ikkje tilrettelagt for rullestolbruk. E134 er ganske trafikkert og sykkeltilhøva er ikkje særleg gode, men det er mogleg å parkere sykklar ved Vinjesenteret.

Overnattingar i nærleiken

Groven Camping – Om lag 13 km frå Vinjesenteret.

Haukeli Hotell – Omlag 26 km frå Vinjesenteret

Vågsliidun hotell – 39 km frå Vinjesenteret langs E134 mot Haukelifjell

Rauland Vandreheim Akademiet – Omlag 31 km frå Vinjesenteret

Kollektiv

Det er mogleg å reise til Vinjesenteret med kollektivtrafikk. Haukeliekspressen frå Oslo til Haugesund via Drammen, Notodden og Vinje går forbi Vinjesenteret. Haldeplassen heiter Vinjar, og det er om lag 50 meter å gå til senteret derifrå. Også lokalbussen mellom Haukeli og Åmot stansar på Vinjar.

Me oppmodar publikum til samkøyring!

VIL DU VERE FRIVILLIG?




– Frivillige har kvart år gjort ein stor innsats for Litteraturdagane i Vinje. Festivalen er heilt avhengig av den gode hjelpa frå lokale krefter, seier vertskaps- og programansvarleg Ingebjørg Nestestog Edland.

Kvart år er om lag førti personar med på å gjere Litteraturdagane til ei god oppleving for både utøvarar og publikum. Me ynskjer at du som frivillig får gode opplevingar i godt fellesskap. Dei som er frivillige får fribilletter til arrangement.

Ta kontakt med oss på Vinjesenteret på post@nynorsk.no eller 70 04 75 70 om du er interessert i å vere frivillig.

PARKERING

Sjå kartet under for lokalisering av parkeringsplassar.



FRITT ORD



Bjaaland Bygderestaurant
BORGESDAL - TELEMARK



Støtta av Kulturrådet



Telemark
FYLKESKOMMUNE